

## Ordføraren sitt hjørne – juni 2010



Det går raskt mot sommarferie for dei fleste av oss. Juli er ein svært stille månad for meg når det gjeld politiske saker. Det er ferie i heile systemet frå Stortinget på toppen til sakshandsamarar dei fleste plassar. Det er ingen å få tak i. Det er berre slik det er, så derfor tek eg også ferie i juli.

Eg har no fått endeleg bekrefta kva vegar som skal asfalterast i Hemsedal i sommar/haust. På R52 blir strekningen mellom Ulsåk og Trøim tatt, og antakeleg også frå Holdebrua og til Tuv. Dette er dei 2 verste strekka på riksvegen, så får me prøve å få inn andre nødvendige strekningar neste år. Det er stor slitasje på alle vegar. Trafikken aukar og mange tunge køyretøy gjer at vegen fort får djupe spor. Det er derfor ikkje mange åra mellom kvar gong det må til utbetringar og nyasfaltering. Sjølv med auka rammer dei siste åra ser det ikkje ut til at vedlikehaldet blir tilfredstillande. Det såkalla etterslepet blir ikkje mindre.

På fylkesvegane våre blir Øvrevegen tatt frå Båstøkkrysset og til Fuglehaugen, og Thorsetvegen får ny asfalt frå Moen Bru og 4,4 km til Tottebekken bru som det står i oversikten. Dette er eit bra, men heilt nødvendig lyft for vegane i bygda. Desse 2 fylkesvegane er nesten ikkje farbare lengre. Det merkar ein veldig godt med traktor, og det er mykje jordbruksaktivitet langs desse vegane. Dei 2 andre fylkesvegane, Mythevegen og Lykkjavegen, er stort sett bra, men på Lykkjavegen står det att asfaltering gjennom Lykkja, og telen er lei med vegen fleire plassar. Det som blir gjort no er ei bra prioritering av Hemsedal.

For 3 veker sidan var det eit flott kulturarrangement på Ulsåk oppvekstsenter. Foreldreutvala i skulen og barnehagen stod som arrangør saman med andre av ein fleirkulturell fest, med mat og kulturframsyningar frå minst 15 forskjellige land. Dette syner at Hemsedal etter kvart har vorte ei internasjonal bygd, og at me evnar å dra i sammen på mange måtar. Det var fullt i gymsalen på skulen og mangfaldet var stort, frå springar til afro-cubansk dans. Motet dei mange små og noko større viste på scenen imponerte meg, og kvaliteten var frå god til fantastisk. Dette var moro, eg vil rette ein stor takk til alle dykk som stod bak dette tiltaket, både de som var synleg med på scenen og alle de andre som har stått bakom for å få dette til. Slike arrangement er positive for alt integreringsarbeidet som blir gjort, og det gjer oss alle betre forståing av dei mange kulturar og folk me etter kvart er i bygda. Vesle Hemsedal er på toppen på lista over kommunar med den størst andelen av befolkninga som er fødd andre stader enn Norge. Det er rett nok mange skandinavar, men det er i alt over 40 nasjonalitetar her i Hemsedal. Det er stort mangfald, og det greier me godt.

Etter kommunestyremøtet no den 29. juni er det møtefri til litt ut i september.

Me får tru at det blir ein sommar med mykje varme og passe regn.

God sommar!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører  
(sign.)